



**VERDSARV**  
Vestnorsk fjordlandskap

# KULTURLANDSKAP I FARE!

Velkomen til seminar og politisk debatt

**På Hotel Union i Geiranger, måndag 15. mai 2017.**

**Attgroing trugar Verdsarven.**

**Korleis skjøttar nasjonen Noreg ansvaret sitt for å ta vare på eigen verdsarv?**

**Korleis kan vi ta vare på kulturlandskapet for framtida?**



*UNESCO-hesja i Undredal. Foto: Pascale Baudonnel.*



**PROGRAM** (Med atterhald om endringar)

Tid	Innhald	Foredragshaldar
09.00-09.30	<b>Frammøte &amp; registrering</b> Kaffi/te/vatn	<b>VA-sekretariatet</b>
09.30-09.40	<b>Opning - kulturelt innslag</b>	
09.40-09.50	<b>Velkomen.</b>	<b>Leiarskapet i Verdsarvrådet</b> Hans Erik Ringkjøb, <i>leiar</i> Jan Ove Tryggestad, <i>nestleiar</i>
09.50-10.10	<b>«Kva plass har kulturlandskapet i naturarven Vestnorsk fjordlandskap?»</b> Om verdien og spekteret av kulturlandskap i verdsarv vår	<b>Verdsarvkoordinatorane</b> Erling Oppheim, <i>Nærøyfjordområdet</i> Merete L. Rønneberg, <i>Geirangerfjordområdet</i>
10.10-10.30	<b>«Kampen for kulturlandskapet»</b> Eit tilbakeblikk, ein statusrapport og tankar om framtida	Arne Sandnes, <i>Ordførar i Norddal</i>
10.30-10.50	<b>«Kva verdi har kulturlandskapet for samfunnet vårt?»</b>	
10.50-11.45	<b>«Kvardagsbøndene i verdsarven»</b> Dei som har fjøsstøvlane på fortel «kvar støvlane trykkjer og traktoren står fast» - Å stelle eit kulturlandskap. - Kulturlandskapet – resultat av matproduksjon. - Attraktiv bondeframtid i verdsarven? - Kva kan verdsarven bety for meg? - Bonden og reiselivet..	<b>Ved verdsarvbønder frå Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet.</b>
11.45-12.00	<b>KAFFIPAUSE og «drøs»</b>	
12.00-12.20	<b>«Den sveitsiske landbruksmodellen»</b> Kan vi lære noko av andre?	<b>Dag Jørund Lønning</b> <i>Professor, høgskulen for landbruk og bygdeutvikling</i>
12.20-12.40	<b>«Kulturlandskapet – nyttig for andre?»</b> Meirverdiar for andre næringar	<b>Aktørar i reiselivet</b> <b>Rolf Sandvik</b> , <i>dagleg leiar, The Fjords</i> <b>Monja Mjelva</b> , <i>vertskap, Union Hotel</i>
12.45-13.30	<b>LUNSJ</b>	
13.30-13.50	<b>«Det norske natur- og kulturlandskapet i eit internasjonalt perspektiv»</b>	<b>Jens A. Riisnæs</b> , <i>frilansjournalist</i>
13.50-14.15	<b>«Effekten av tiltak i landbruket»</b> Fakta om ekstra tiltak og utviklinga av landbruket i verdsarvområdet og randsonene	<b>Fylkesmennene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane</b> ved landbruksavdelingane
14.15-14.30	<b>KAFFIPAUSE</b>	
14.30-15.30	<b>Paneldebatt</b> »Er det vilje til å ta vare på landbruksnæringa og kulturlandskapet i verdsarven?» Debattleiar Geir Helljesen	<b>Deltakarar</b> Representantar for verdsarvbøndene. Politikarar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
15.30-16.00	<b>Oppsummering. Forventingar og vegen vidare</b>	<b>Leiarane av Verdsarvrådet</b>

## Vertskap for konferansen:

- Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

### Deltakarar på konferansen

Målgruppa for konferansen er bønder i verdsarvområdet, ulike forvaltingsorgan knytt til verdsarvområda, politikarar på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, media, reiselivsnæringa med fleire.

### Deltakaravgift

Konferanseavgifta er sett til kr. 300,- som De anten kan betale direkte ved oppmøte/ registrering eller få tilsendt som faktura i etterkant.

### Overnatting

Det er reservert ein del rom på Hotel Union Geiranger for overnatting frå søndag 14. til måndag 15. mai. Kontakt hotellet direkte før 2. mai, og oppgje dette arrangementet dersom du ynskjer overnatting.

### Påmelding:

til Sekretariatet for Vestnorsk fjordlandskap v/Erling Oppheim : [erling@naroyfjorden.no](mailto:erling@naroyfjorden.no)  
Oppgje namn og kven du ev. representerer.

### Påmeldingsfrist: 2. mai 2017.

## Velkomen til lærerikt og viktig seminar om kulturlandskapet og verdsarven vår!

For vertskapet

Hans Erik Ringkjøb  
*Leiar Verdsarvrådet*

Jan Ove Tryggestad  
*nestleiar Verdsarvrådet*

Erling Oppheim  
*Verdsarvsekretariat Vestnorsk fjordlandskap  
Verdsarvkoordinator, Nærøyfjordområdet  
[erling@naroyfjorden.no](mailto:erling@naroyfjorden.no)*

Merete Løvull Rønneberg  
*Verdsarvkoordinator, Geirangerfjordområdet  
[merete@verdsarvfjord.no](mailto:merete@verdsarvfjord.no)*



«Ruinar av eldre og no for det meste fråflytta gardsbruk og stølar tilfører ein kulturell og menneskeleg dimensjon til det dramatiske naturlandskapet som aukar den samla verdien av området.»

*Frå Fråsegn om eineståande universell verdi for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden og Nærøyfjorden*

*Vedteke av Verdsarvkomiteen, Durban 2005*



*Ljåslått i Norddal.  
Foto: John Bjarne Jordal*



*Fjellgarden Blomberg ved  
Geirangerfjorden.  
Foto: Per Eide*